



### **Skulereglar ved Meland ungdomsskule**

Dei gjeldande skulereglane for Alver kommune ligg til ei kvar tid i kvalitetssystemet til kommunen. Ein kjem inn i kvalitetssystemet via intranett. Meland ungdomsskule følgjer skulereglane for Alver kommune, og har i tillegg eigne trivselsreglar.

Endringar i skulereglane skal drøftast i alle dei ulike høyringsorgana i skulen. Tilsette pliktar å handheve skulereglane slik dei er vedteke. Klassar skal i tillegg ha eigne klassereglar som vert utarbeidde/justerte minimum kvar haust. Det er viktig at skulereglane og klassereglane vert jobba aktivt med i klassane og på trinna.

#### **Orden:**

- Elevane møter førebudd til timane, til rett tid og har med det dei treng til undervisninga.
- Elevane skal vere til stades i undervisninga, og skal halde seg på skulen sitt område med mindre løyve frå skulen er gitt.
- Elevane skal bidra til at det er arbeidsro i timane, slik at alle får eit godt grunnlag for læring.
- Skulen har som mål å fremje sunne vanar, og elevane får difor ikkje nyte godteri og brus/energidrikk i skuletida. Ved spesielle høve gis det melding heim i forkant.
- Elevane har medansvar for å ta vare på skulebygget og for at klasseromma og skuleplassen er ryddig og i orden.
- Elevane kan bruke sykkel, elsparkehjul, rullebrett eller liknande til og frå skulen, men skal ikkje bruke desse i skuletida, og dei skal plasserast ute på tilvist plass, helst låst fast til noko.
- Skulen blir varsla om alt fråvær så tidleg som mogleg, helst innan 1. time.

#### **Åtferd:**

- Elevane har rett til å ha det trygt og godt på skulen, derfor skal kommunikasjon og samhandling mellom elevar og vaksne og elevar imellom, både digitalt og verbalt, vere fri frå krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme.
- Elevane skal bruke skulen sitt digitale utstyr slik det kjem fram av kontrakten. Hugs at personlege egedelar og verdisaker blir tekne med på eige ansvar. Skulen er ikkje økonomisk ansvarleg dersom noko blir skadd/stole frå elevane i skuletida. Dette gjeld til dømes mobiltelefonar/nettbrett/smartklokkar m.m.
- Røyking, snus, el-sigarettar og bruk av rusmidlar er forbode på og i nærleiken av skulen. Elevane har heller ikkje lov å ha med rusmidlar, fyrstikker eller lighter på skulen.
- Elevane skal ikkje bruke mobiltelefonar, smartklokkar, hovudtelefonar/øyrepluggar eller private nettbrett på skulen, med mindre lærar gir tilgang til dette i undervisninga. Mobiltelefonen/smartklokka skal uoppmoda slåast av og leggjast i mobilhotellet i klasserommet kvar morgon. Eigne avtalar gjeld når elevane har kroppsøving/alternative dagar, og/eller ikkje startar/avsluttar dagen på eige klasserom. Då nyttar ein boksar.
- Elevane skal ikkje gjere hærverk på skulen eller på utstyr som høyrer til skulen eller medelevar.



- Elevane skal ikkje ha med seg farlege gjenstandar på skulen, til dømes kniv og andre våpen.
- Elevane skal rette seg etter meldingar frå tilsette ved skulen.

### **Konsekvensar ved brot på reglementet**

- Munnleg tilbakemelding/rettleiing.
- Skriftleg merknad i Visma.
- Munnleg samtale med elev og den som handsamar saka.
- Kontaktlærer kontaktar heimen, dersom ikkje anna blir avtalt.
- Samtale med avdelingsleiar.
- Samtale med rektor.
- Pålegg om å rette opp skaden eleven har påført skulens eigedom eller eigedelar – for eksempel rydde boss, vaske golv eller veggar, fjerna tagging osv.
- Pålegg om å vere til stades på skulen før eller etter skuletid i samband med samtalar eller for å utføre avtalte oppgåver.
- Avgrensing av elevens rørslefridom i friminutt og/eller påbod om å vere i nærleiken av ein tilsett, eller om å halde seg på eit avgrensa område inne eller ute.
- Bortvising frå undervisninga for enkelttimar– jf. Opplæringslova §13-1.
- Gjenstandar som kan nyttast til å skade andre, blir beslaglagde av skulen. Ulovlege gjenstandar overlatast til politiet. Andre beslaglagde gjenstandar blir overleverte til eleven etter skuletid same dag. Dette gjeld òg **mobiltelefon og smartklokke**.
- Rusmidlar blir beslaglagde av skulen. Tobakk, snus, e-sigarettar og alkohol overlatast til føresette. Ulovlege rusmidlar overlatast til politiet.
- Dersom mobiltelefonen blir brukt blir han inndregen og utlevert på kontoret på slutten av skuledagen.
- Bortvising frå undervisninga i inntil tre dagar ( jf. Opplæringslova §13-1).
- Midlertidig eller permanent klassebyte.
- Den som øydelegg utstyret til skulen eller elevar med vilje eller på grunn av ulovleg leik, må betale det det kostar å utbetre skaden, jf. Lov om skadeserstatning § 1.1 og §1.2
- Karakterane i orden og åtferd kan bli sett ned ved fleire brot på ein eller fleire reglar. Karakterane kan òg setjast ned ved einskilde hendingar dersom det er eit spesielt grovt brot på reglementet (jf. Forskrift til opplæringslova §9-2, §9-4, §9-6, §9-7 og §9-17).
- I særlege tilfelle kan ein elev flyttast til ein annan skule når omsynet til dei andre elevane tilseier det, og andre tiltak allereie er prøvd – jf. opplæringslova §13-2.